



Q-1

Byggmester Knut Henanger

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3214 - 16/1393

Saksbehandlar:

Anne-Lise Næs Olsen

anne.lise.olsen@meland.kommune.no

28.01.2016

Møtereferat - endring av parkbelte eigedom 22/253 m.fl. - Mjåtveitmarka

Det vart 26.1.2016 halde møte på vårt kontor for å drøfte endring av parkbelte for eigedommane 22/253, 22/42 og 22/182.

Desse møtte:

Eksterne:

Byggmester Knut Henanger

Helge Henanger

Pål Kårbø - heimelshavar

Tone Flytlie - heimelshavar

Frå kommunen:

Per Atle Sæle - Oppmålingsavdelinga

Anne-Lise Olsen – Planavdelinga

Helge Henanger orienterte:

Helge orienterte om bakgrunnen for ynskje om endring.

Då reguleringsplanen for Mjåtveitmarka blei laga, så vart ikkje nødvendige grenser påviste før formåla vart fastlagde i plankartet. Dette førte til at formål for vegetasjonsskjerm aust for eigedommane 22/253, 22/42 og 22/182, vart noko større enn naudsynt. Dette medfører no m.a. at delar av bustadeigedommane 22/253 og 22/42 i dag ligg med formål *vegetasjonsskjerm*, og eigedommane kan ikkje fullt ut nyttast til bustad slik intensjonen i utgangspunktet var. Av ulike årsaker vart ikkje denne feilen påpeika i planprosessen, og plandokumentet vart vedteke av Kommunestyret. Dei ynskjer no å rette opp denne feilen.

Administrasjonen orienterte:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Administrasjonen orienterte om at detaljregulering for Mjåtveitmarka er eit juridisk bindande dokument, og at Plan- og bygningslova (pbl) § 12-14 krev at formålsendring innafor detaljplanen lyt søkjast om.

Hovudregelen er at endring og oppheving av reguleringsplan må gjennom same prosess som utarbeiding av ny plan. Mindre endringar kan likevel behandlast enklare. Definisjonen av kva som er «mindre endring» er likevel stram. Innvendingar frå offentlege mynde eller råka parter ekskluderer høve til mindre endring, og endring av arealformål kan i utgangspunktet ikkje skje ved bruk av mindre endring. Dersom det ikkje kjem merknadar til endringa i samband med kunngjeringa, så kan ein likevel vurdere å behandle den som ei mindre endring. I så høve kan planskildringa gjerast enklare, omtale kva endringa går ut på, og kva konsekvensar endringa vil få.

Drøfting av dispensasjon:

Me drøfta høve til å søkje om dispensasjon, og administrasjonen opplyste kort om krava i pbl §§ 19-1 og 19-2. Dette gjeld krav til grunngeven søknad, nabovarsling, og der fordelane ved å gje dispensasjon etter ei samla vurdering må vere klart større enn ulempene. Heimelshavarane meinte i dette tilfellet at her var gode grunnar for å søkje om dispensasjon. Administrasjonen kunne likevel ikkje seie noko om utfallet av ein slik søknad, m.a. fordi her kan kome ulike merknadar til søknaden.

Avrunding av møtet:

Heimelshavarane ønska etter dette å søkje om dispensasjon frå planformåletet, slik at delar av formål for vegetasjonsskjerm vert endra til bustadformål.

Administrasjonen opplyste deretter om innhaldet i gebyrregulativet til kommunen.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
Fagansvarleg Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Byggmester Knut Henanger

Helge Henanger

Per Atle Sæle

Pål Kårbø

Tone Flytlie